

## RETNINGSLINJER FOR VALNEMNDA

Vedteke i KST sak 68/15, 03.09.2015

### § 1 Samansetting

Valnemnda skal vera samansett av eit medlem med personleg vara frå kvart av dei ulike politiske partia/ listene som er representert i kommunestyret.

Ordførar er leiar for valnemnda. Varaordførar er nestleiar.

### § 2 Arbeidsområde

Valnemnda skal utarbeida framlegg til val av representantar til kommunale og interkommunale styrer, råd, utval, nemnder m.v. som kommunestyret eller andre kommunale organ skal gjera, og har i slike saker direkte innstningsrett overfor det aktuelle organ. Likeins skal nemnda fremma forslag på nyoppnemningar og val som skjer i løpet av kommunestyreperioden når dette er nødvendig. I tillegg kjem framlegg til val og val av personar til eksterne organ som har heimel i særlovene eller etter avtale.

### § 3 Særskilte bestemmelser

Det enkelte parti eller gruppe sin representant i nemnda har fulle avgjerslemynde om dei representantar den foreslår frå eige parti.

Nemnda sitt forslag må ivareta dei spesielle bestemmelser som gis i lov, forskrift og reglement. I særleg grad skal likestillingsbestemmelsane i kommuneloven § 36 nr 2, § 37 nr 3 og 4 og § 38a nr 2 vektleggast.

### § 4 Sakshandsamingsreglar

Valnemnda skal ha møte når leiaren finn det turvande, eller når minst 1/3 av medlemene krev det.

Valnemnda er vedtaksfør når minst halvparten av medlemene er til stades.

Valnemnda kan med vanleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak som er sett på saklista.

Det kan også gjerast vedtak i saker som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemmene set seg i mot det.

### § 5 Val av styrekandidatar

- a) Ved val av styre er målet å setja saman det kollegiet som er best mogleg kvalifisert og eigna til å ivareta selskapet sitt føremål, verksemderområde og kommunen sitt mål for selskapet. Det blir lagt vekt på å setja saman profesjonelle styrer der styremedlemane vert vald på bakgrunn av fagkompetanse og selskapet sitt behov for kompetanse.

- b) Det er styret sin totale kompetanse som er grunnlaget for vurderinga, både formell- og reell kompetanse. Normalt er det trøng for administrasjons-/ leiarkompetanse, økonomi/ finanskompetanse og bransje-/ marknadskompetanse. Også juridisk kompetanse og god kjennskap til kommunen kan i nokre tilfelle vera ynskjeleg/ naudsynt. Anna spisskompetanse kan variera frå selskap til selskap.
- c) Valnemnda skal sjå til at det vert god balanse mellom kontinuitet i styret sitt arbeid og behov for nødvendig fornying. Vidare skal det leggjast vekt på mangfold, mellom anna i form av balansert kjønnsfordeling, jf. reglane i kommuneloven kapittel 12 A.
- d) Kandidatar som vert foreslegne for valnemnda skal ha sagt seg viljug. Ein kortfatta CV som inneholder personalia, utdanning, stilling, verv/ roller og økonomiske relasjonar i offentleg eller privat sektor skal leggjast fram for valnemnda.
- e) Dersom valnemnda ikkje går for attval skal representanten få melding om dette.

## **§ 6 Endringar**

Endringar av dette reglementet kan berre gjerast av kommunestyret.